

Til Eldrerådet i Eid
Olivier

Etter pensjonistlag skilleva opprop til myndighetene som
baed for utv. og funksjonshemma i Selje har det opp og gjord kjempe
i Fjordenes Tidende lysdag 23. mai 2017.
Dette er også svært viktig for pensjonistene i Sogn og Fjordane da
no oppmøder alle lokale pensjonistlag i skilleva alle oppropet!

8 TYS DAG 23. MAI 2017 **FJORDENES TIDENDE**

Lagar opprop mot det dei meiner er urettferdig nettleige



OPPROP: Åge Starheim (t.h) og rådet for eldre og funksjons-
hemma vil ha lik nettleige.

Rådet for eldre og funksjonshemma i Selje krev i eit opprop at myndighetene syter for at nettleige vert lik, uansett kvar straumbrukarane bur.

– Eg har lært at enkeltvis når vi aldri fram. Skal vi få eit positivt

resultat, ved å få NVE og staten til å gjere noko, så må mange stå bak, så vi håpar at elderråda og kommunane rundt om kring i fylket og andre delar av landet følgjer oppropet vårt, seier leiar for rådet for eldre og funksjonshemma i Selje, Åge Starheim.

Fjordenes Tidende skreiv freidag om Roger Endal frå Skorge

i Vanylven, som i likskap med rådet for eldre og funksjonshemma i Selje reagerer på at nettleige er ulik i forskjellige delar av landet.

– Vi har fått reaksjonar frå folk som stiller seg uforstående til at nettleige er begynt å bli ein vesentleg del av straumrekninga, seier Starheim.

Ifølge statistikk frå NVE beta-

lar ein i Sogn og Fjordane mest i landet i nettleige. Innbyggjarane i fylket må i gjennomsnitt betale 70,9 øre i nettleige per kilowattime (inkludert mva. og forbruksavgift). Til samanlikning er betalar landsgjennomsnittet 53,6 øre per kilowattime.

MARRIANNE SOLHEIM ROTHHAUG
marianne@fjr.no